

REISEBREV FRÅ UNGDOMSRÅDET SIN TUR TIL NEWCASTLE

Staying Alive 07-11/08/2019

På vårt første møte med ungdomsrådet, fekk vi vite at vi var inviterte til ein ungdomsleir i Newcastle i England. Den første reaksjonen frå ungdomsrådet var svært positiv. Vi fekk høyre om venskapsavtalen Møre bispedøme har med bispedømet i Newcastle og vi vart med ein gong gira. Alle medlemmane i ungdomsrådet sa dei hadde lyst til å dra, men etter kvart blei det tre av oss medlemmane og ei utanfrå som for.



Vi starta klokka fire om morgonen på veg mot flyplassen, fulle av forventningar. Vi visste ikkje heilt kva vi kom til, så vi kjente nok på ei blanding av spenning og nervøsitet. På flyplassen i Newcastle blei vi møtt av den engelske presten Janet, som ynskja oss velkommen og haldt oss med selskap til leir-leiar John kom og henta oss med minibussen.

John bad ei kort bøn før køyreturen, og vi begynte på ein times lang køyretur på venstresida av vegen og roleg samtale med “sjåføren”.

Da vi kom inn til landsbyen som heitte *Seahouses*, var det første vi beit oss merke “Postman Pat”. For det var slik det såg ut; som om det var teken rett ut av ein episode av Postman Pat. Det første vi såg av leirplassen var steinkyrkja. Utanpå såg ho gamal og ute av stand, men inni var den gjort klar for å ta imot ungdommen. Det var satt opp lydanlegg, lys og scene. Vi hadde førestilt oss at leirplassen skulle ha plass til hundrevis av ungdomar. Dette var ikkje tilfelle. Den var heller liten, og likna eigentleg meir på ein bakgard.



Det som imponerte oss mest var møtet med leiarane. Frå første stund av inkluderte dei oss ifrå Noreg. Sidan vi kom ein dag før resten av deltakarane, hadde vi god tid til å kome til ro og bli kjend med folka. Vi blei teken imot med opne armar, kjærleik, te og kake, og innan ein time var gått satt vi på golvet og flirte mens vi spelte spel med leiarane. Det var nok fleire av oss som var nervøse for korleis



det kom til å gå med engelsken, men dei fleste var veldig forståingsfull, og forklarte og repeterte når forvirringa sto som blinkande lys i andleta våre.

Heile leiren blei “kicka” i gang med leiarkonkurransar i kyrkja, etterfølgd av gruppetid. Alle deltakarane blei delt inn i små grupper som møttest fleire gonger i løpet av leiren. Dette fungerte godt for å få alle til å bli sett og “integrert”. Etter dette hadde vi gruppe-konkurransar ute som ein god “ice-breaker”. Dag ein var fylt av blanda følelsar; glede, men også nervøsitiet for vi kom til å klare å hengje med i desse framande omgivnadane og om vi kom til å klare å bli kjent med desse framandspråklege søskena i trua.



Kvar dag hadde vi både morgon- og kveldsmøte med tale, litt underholdning og lovsong. Temaet for leiren var “Chosen” og alle dei forskjellige talane bidrog med ulike syn på det å

være utvalt og kva dette inneber. Ein av dagane hadde vi ei spesiell samling i kyrkja. Vi fekk vite at tre av deltakarane skulle bli døypt. Desse vart bedt om å kome opp på scena for å fortelje historia si. Desse historiene gjorde sterkt inntrykk, og kan brukast som inspirasjon for å komme seg gjennom tøffe tider og bruke trua som håp og inspirasjon. Ein av dei som skulle bli døypt var så positiv og blid av person, men fortalte at han slettes ikkje hadde hatt den beste fortida. Hans historie minner oss på at det ikkje er alt som synest utanpå. Han såg ut til å ha funne trua som ei redning. Etter stunda i kyrkja gjekk vi i samla flokk på stien nedover til stranda. Der var det tent opp eit bål som lyste opp i mørket. Det var også satt opp lys og høgtalarar. Dåpshandlinga starta med at vi samla oss rundt bålet og song litt saman. Så gjekk alle ut i vatnet med klea på for å sjå på dei tre heldige vart døypt. Det stod folk på alle kantar og delte dette gripande øyeblikket.



Å peike ut høgdepunkt på leiren er noko som er vanskeleg, sidan heile leiren eigentleg var eit stort høgdepunkt, tross i alt regnet. Fleire gonger blei leiren samanlikna med ein stor familie, og det var fantastisk å få kome å verte ein del av denne familien. Vi opplevde *Staying Alive* som ein plass der folk kunne vere seg sjølve. Dei trengde ikkje vere nokon dei ikkje var for å imponere andre.

Uansett kvar dei var i sin trusreise eller i sitt forhold med Gud, så kunne dei vere seg sjølv og dele trua si.



«...Ein av leirdagane hadde temaet «community day». Vi skulle dra til Alnwick for å gjere litt frivilligheitsarbeid. Men det regna for mykje så vi kunne ikkje gjere noko utanom å høyre på konsertar og å være publikum. Etter kvart ble det kaldt og alle begynte vel eigentleg å bli litt lei.



Men leiarane ville at det skulle vere ein kjekk dag så dei spanderte ein tur på Alnwick borgen (der kosteskaft scenen frå Harry Potter ble filma) til oss. Det er eg veldig takknemleg for. Etter turen til Alnwick hadde vi ein kveldsmesse. Alt starta med ein normal kveldsmesse, heilt til preika. Ei dame i rund 30 åra snakka om kva det ville være å være ein prest. Til slutt bad hun alle som hadde det tungt eller berre ville bli bedt for å knele. I starten var det ingen som gjorde det, men plutselig begynte ein etter ein å bøye seg ned å gråte. Eg såg leiarane gå rundt å trøyste andre og eg så til og med ein anna leiar gråte. Det skulle vere karaoke kveld men det vart avlyst fordi bandet og mange andre vart igjen i kyrkja fordi dei ville bli beden for.. Utanfor kyrkja blei eg kjent med mange andre. Eg så eit fellesskap som brydde seg

om kvarandre. Dei spurt kvarandre: «Are you ok?». Dei spurte andre om dei ville sitte med dem, snakke med dem. Eg deltok å spørje andre korleis dei hadde det og om dei ville være med i ein samtale eg var med i. Det var ein magisk kveld...» ***Odin Johan Jakobsen Sylte 15 år***

«Første leirdag byrja med at vi åt frukost med leiarane. Frukosten på leiren var noko heilt anna enn på alle andre leirane eg har vore på i Noreg; bacon, eggebrød, pølser og bønner. Seinare på dagen blei vi tildelt ein liten goodiebag og t-skjorter med temaet til årets leir trykket på, chosen, som på norsk betyr: valt. I kveldssamlingane i kyrkja var det song og preike. Mange av tinga dei snakka om gjennom heile leiren var veldig gjenkjenneleg, det var mange av dei unge som gjekk gjennom ei tung periode. Preikene handla om det å gå igjennom noko tungt, og det å ha nokon som kan gå igjennom det med deg . Den siste dagen fekk vi litt tid til å snakke med kvarandre og sei ordentlig hadet, ta bilde og finne kvarandre på sosiale medier. Leirleiar John køyrte oss tilbake til flyplassen. Før vi drog heim ba han ei bøn for oss, om at vi alle skulle få ei trygg reise heim att. Det var hardt å seie hadet når man møter nye folk. Men når du rett og slett har funne ein stor familie full av omsorg og kjærleik er det mykje hardare. Man lengtar gjerne tilbake til dei magiske øyeblikka og dei øyeblikka du verkeleg ikkje kunne følt deg meir akseptert og elska. Ein slik tur unnar eg alle. I tillegg kunne vi nordmenn verkeleg ha lært eit par ting av engelskmenn, leiarane og deltakarane på leiren. Du skal leite godt for å finne ein betre leir og betre mannerar her i Noreg. Alt i alt var dette ein fantastisk leir og ein opplevelse for livet.» ***Liv Marit Sætre, 15 år***





**TUSEN HJARTELEG TAKK TIL MØRE BISPEDØME
FOR AT VI FEKK OPPLEVE DENNE LEIREN.**

Helsing

Ane Marie Holm (Framføre skiltet),

Marte Elvira Rolvsjord (t.h for skiltet),

Liv Marit Sætre (t.v for skiltet)

Odin Johan Jakobsen Sylte

